

Kyrkjevalet 2023

Nr. 8.8:

Valtinget/valdagen



Nøytralitet

Det er svært viktig at valfunksjonærane og stemmestyret er nøytrale, og dei skal ikkje under noko omstende tilrå spesielle kandidatar eller lister. Valfunksjonærar skal ikkje gå med jakkemerke, t-skjorter eller liknande med kyrkjepolitisk innhald.

Oppgåvene og ansvaret til stemmestyret

Stemmestyret er ansvarleg for gjennomføringa av valet i vallokalet. Leiaren for stemmestyret sørger for at arbeidet i vallokalet blir organisert og fordelt på medlemmene i stemmestyret.

Ansvaret inneber at lokalet blir opna og stengt til fastsett tid og at manntalslister, stemmesetlar og valurner blir levert til valstyret for oppteljing, og dessutan eit ansvar for rapportering og kontakt med valstyret.

Stemmestyret kan sjølv utføre alle oppgåvene i vallokalet eller få hjelp av valfunksjonærar.

Ein medlem av stemmestyret bør jamleg inspirere valavlukka for å kontrollere at det til kvar tid er tilgjengelege stemmesetlar for alle vallistene og nok skrivesaker.

Valgfunksjonærar

Valfunksjonærane kan krysse i manntalet, stempel stemmesetlar og passe på at veljaren legg stemmesetlane i valurna.

Opning og stenging

Stemmestyret skal opna og stengja dørene til vallokalet nøyaktig på dei tidspunkta som er sett av valstyret. Vallokalet skal vere ope samanhengande i dei fastsette tidene, og det er ikkje tillat å stengje lokalet undervegs (t.d. til matpause).

Leiaren for stemmestyret erklærer valtinget opna: «Med dette erklærer eg valtinget i ... stemmekrins i ... sokn ved kyrkjevalet 2023 for opna.

Stemmegivinga kan ta til».

Orientering før opning: Før opning skal valfunksjonærane få orientering om prinsippa for hemmeleg val, nøytralitet og teieplikt. Det skal òg orienterast om kven som har stemmerett, framgangsmåte for valet og kor mange som skal veljast ved dei ulike vala, og kva endringar som kan gjerast på stemmesetelen.

Ved stenging skal dørene lukkast, og dei som er inne i vallokalet skal få stemme.

Om det er kø utanfor dørene ved stenging, skal stemmestyret skaffe seg oversikt over kven som var til stades før stengetid. Desse skal få stemme. Dette kan gjerast ved at ein valfunksjonær stiller seg bakarst i køen utanfor lokalet.

Uro i vallokalet

Leiaren i stemmestyret kan vise bort personar som skaper uro eller driv valagitasjon i vallokalet, eller i dei romma veljaren må passere for å kome til vallokalet.

Døme på slik åtferd er sjikane av veljarar, støyande åtferd, loddsal, innsamlingar og liknande.

Bortvisinga gjeld for uro. Om personen møter på nytt og grunnlaget for bortvising er borte, skal personen få stemme.

Tom for stemmesetlar

Det skal til kvar tid vere tilstrekkeleg med stemmesetlar for alle vallistene. Viss ein går tom for stemmesetlar i eit vallokale, må det trykkast opp nye eller bli henta frå andre vallokale. Stemmesetlane kan hentast frå kyrkjevalet.no.

Stemmesetlar til soknerådsvalet skal skrivast ut på kvitt papir. Stemmesetlar til val av leke til bispedømeråd og Kyrkjemøtet skal skrivast ut på farga (helst grønt) papir. Viss dette ikkje lèt seg gjere, kan det nyttast blanke stemmesetlar. Veljaren må då skrive kva for eit bispedøme/sokn og liste det gjeld. Viss veljaren vil endre på stemmesetelen, må veljaren skrive opp dei kandidatane vedkomande ønsker å gi personstemme og markere med eit kryss ved sida av namnet.



DEN NORSKE KYRKJA

Det kan også brukast blanke ark, då må det også skrivast kva val det gjeld. Dersom ein går tom for stemmesetlar til ei av listene eller blanke stemmesetlar ved val til bispedømeråd/Kyrkjemøtet, må ein nyttja «reserveløysing» (blanke ark eller blanke stemmesetlar) for alle listene og blanke stemmesetlar.

Mottak av stemmer i særskilt omslag

For mottak av stemmer rett i urne sjå rettleiing 8.8.2.

1. Stemmemottakar stemplar stemmesetlane.
2. Veljaren legg stemmesetlane i kvar sin stemmesetelkonvolutt (kvit konvolutt for soknerådsval og farga for val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet).
3. Stmmesetelkonvoluttane blir lagde i ein omslagskonvolutt med namnet til veljaren, adresse og fødselsdato påført utanpå.
4. Valfunksjonær skriv tid og stad for stemme-givinga på omslagskonvolutten og signerer.
5. Omslagskonvoluttane blir nummererte og blir førte på Skjema 8.8.4 Lista over mottekne stemmer i særskilt omslag på valdagen.
6. Omslagskonvoluttane bør leggjast i urna eller ein annan trygg stad før dei blir handsama under oppteljinga.

Veljaren er prest eller lek kyrkjeleg tilsett

Viss veljaren har markering i manntalet på at vedkomande har stemmerett som prest eller lek kyrkjeleg tilsett, skal veljaren berre levere stemmesetel for val av sokneråd. Viss veljaren meiner at dette er feil, skal ein ta imot **stemmesetlane i særskilt omslag**. I tillegg skal veljaren fylle ut Skjema 4.2.7: Krav om retting av feil i manntal, som skal leggjast ved i omslagskonvolutten. Valstyret avgjer spørsmålet om stemmerett.

Veljaren meiner det er feil i manntalet

Dersom veljaren meiner at han eller ho skulle stått i manntalet i stemmekrinsen, skal ein ta imot **stemmesetlane i særskilt omslag**. I tillegg skal veljaren fylle ut Skjema 3.1.6: Krav om retting av feil i manntal, som skal leggjast ved i omslagskonvolutten. Valstyret avgjer spørsmålet om stemmerett.

Veljaren er manntalsført i anna sokn

Viss det er opna for stemmegiving i heile fellesrådsområdet, kan ein ta i mot **stemmesetlar i særskilt omslag**. Viss det ikkje er opna for stemmegiving i heile fellesrådsområdet, må veljaren reise til sitt sokn for å stemme.

Veljaren er manntalsført i annen stemmekrins i soknet

Viss veljaren kjem til eit vallokale utanfor stemmekrinsen sin, kan stemmemottakar ta imot stemmesetlane i særskilt omslag.

Veljaren har stemt ved førehandsstemming

Veljarar som har førehandsstembt, kan ikkje ombestemme seg og stemme på nytt. Det gjeld også viss veljaren har førehandsstembt digitalt. Viss ein veljar krev å stemme, skal ikkje vedkomande bli avvist sjølv om det er kryssa i manntalet. Stemmesetlane skal takast imot i **særskilt omslag** for å bli behandla av valstyret.

Veljarar utan legitimasjon

Viss stemmemottakar kjenner veljaren, er det ikkje nødvendig å vise legitimasjon. Viss ein ukjend veljar ikkje kan bevise identiteten sin, får ikkje vedkomande stemme og må kome tilbake med legitimasjon.

Veljaren legg ein ustempla stemmesetel i valurna

Viss veljaren ved ein feil legg ein ustempla stemmesetel i valurna, skal ikkje urna opnast for å ta ut stemmesetelen. Feilen blir retta opp ved at veljaren hentar ein ny stemmesetel som blir stempla og lagd i urna. Den ustempla setelen vil bli forkasta. Dette skal noterast som avvik i protokollen til stemmestyret.

Veljaren forlèt lokalet utan å leggja stemmesetel i urna

Viss ein veljar som er kryssa i manntalet forlèt vallokalet utan å leggje stemmesetel i urna, bør dette registrerast i protokollen til stemmestyret. Vedkomande kan då ikkje kome tilbake og stemme. Viss veljaren forlèt vallokalet utan å vere kryssa i manntalet, skal det ikkje registrerast.

Rett til hjelp

Ein veljar som på grunn av psykisk eller fysisk funksjonsnedsetjing ikkje kan stemme åleine, kan etter eige ønske få hjelp av ein stemmemottakar eller ein annan person som veljaren sjølv peiker ut. Ein stemmemottakar/stemmestyret skal gjere hjelparen merksam på at vedkomande har teieplikt om stemmegivinga til veljaren. Viss ein stemmestyremedlem/ein valfunksjonær på valtinget meiner at veljaren ikkje oppfyller krava til å få hjelp, avgjer stemmestyret det. Dersom ein annan enn veljaren kjem med ein førespurnad til stemmestyret om å hjelpe veljaren, bør stemmestyret ta kontakt med veljaren for å forsikra seg om at det er veljaren sitt eige ønske som kjem til uttrykk.



DEN NORSKE KYRKJA

Det er viktig at stemmestyret prøver å sikre at det ikkje går føre seg press mot eller utilbørleg påverknad av veljaren. Dersom ein veljar ikkje er i stand til å ta seg inn i vallokalet, kan vedkomande stemme umiddelbart utanfor.

Presse og valundersøkingar

Pressa må ikkje få tilgang til informasjonen om kor mange stemmesetlar som er tekne, og stemmestyret kan heller ikkje gi informasjon om dette. Valundersøkingar er ikkje tillatne i vallokalet eller i dei romma som veljaren må passere på veg inn/ut.

Valmateriell

Det må til kvar tid vere tilgjengelege stemmesetelkonvoluttar (kvit for sokneråd og farga for bispedømeråd), omslagskonvoluttar og pennar.

Protokoll

Valstyret skal føre protokoll i samband med førebuingar og gjennomføring av val. Sjå skjema 9a. Protokollen til valstyret skal takast inn som vedlegg til møteboka til soknerådet og underskrivast av alle dei nærverande medlemmene av valstyret.

Stemmestyret fører protokoll i samband med gjennomføring av valet. Sjå skjema 8.



DEN NORSKE KYRKJA